



Tildelingsbrev for tilskot til utvalde kulturlandskap i Trøndelag, 2026

«Formålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knytt til landskap, biologisk mangfold, kulturminner og kulturmiljøer, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift.» FOR-2019-12-18-2024.

Kommunen kan innvilge tilskot i samsvar med formålet med tilskotsordninga og mål i eventuelle planer for området.

Målgruppa er føretak, privatpersonar, lag og foreningar og andre som ønsker å gjera gode tiltak som fremmer kvalitetane i området

Tiltak som kan gis tilskot er:

- restaurering og skjøtsel av areal
- istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminner
- tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv
- formidling
- nødvendig planlegging av tiltak
- kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdier, skjøtsel og sikring av natur- og kulturminneverdier
- andre tiltak som fremmer formålet med ordninga.»

Tildeling av kommunal ramme:

Landbruksdirektoratet har tildelt Trøndelag 4,6 millionar kroner for 2026. I tillegg kjem overførte midlar frå 2025 på kr 428.000.

Kvart område får tildelt 500.000 i januar. Det blir ekstra tildeling ca 1.juni då med utgangspunkt i kommunen sitt innspel i november 2025 til budsjett for 2026, innkomne søknader og eventuelle andre moment som har kome inn.

Tabell: Tildeling utvalde kulturlandskap i Trøndelag, 2026

UKL-område	januar
Klevgardan	500 000
Budalen	500 000
Austrått	500 000
Tarva	500 000
Frosta	500 000
Kvelia	500 000
Leka	500 000
Statsforvaltaren, fellesprosjekt	200 000
Sum	3 700 000
Ramme Trøndelag 2026	5 028 000



Grunn for tildeling av UKL-midlane 2026

Statsforvaltaren får kvart år tildelingsbrev med føringar for korleis midlane til utvalde kulturlandskap skal brukast. Statsforvaltaren vil ved tildeling til kommunane særleg legge vekt på:

- Kommunen sitt innspel til budsjett, realistiske budsjettforslag/kostnadsoverslag
- Områda sine forvaltningsplanar
- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i områda
- områda sin størrelse i areal, omfang av tiltak og tal eigarar/drivarar
- variasjon i behov frå år til år, saman med omsyn til føreseieleg og kontinuitet
- at kvart område over tid på ein balansert måte dekker opp behov knytt til alle deltema omfatta av formålet med ordninga: ivaretaking av kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturmiljø, og danne grunnlag for landbruksbasert næringsutvikling

Tilskotsmidlar som blir trekt inn av kommunen i året

Midlar som er trekt inn i 2026 kan kommunen disponere på nytt same år. Udisponerte midlar, inklusive midlar som er trekt inn av kommunane, kan av statsforvaltaren bli trekt tilbake for omfordeling 1. oktober.

Viktige datoar i 2026:

Tid	Tiltak
januar	Kvart område tildelt kr 500.000.
1. juni	Andre tildeling til kommunane
21. september	Statsforvaltaren forventar at kommunane har handsama årets søknader og har oversikt over eventuelt behov for ekstra tildeling
21. september	Kommunane må melda frå om, og grunngje, ønske om eventuell tilleggsramme
1. oktober	Statsforvaltaren kan trekke inn udisponerte midlar frå kommunane og tildele midlar til kommunar som har trong for ekstra ramme
10. november	Kommunane skal rapportere UKL- aktivitet 2026 til Statsforvaltaren
10. november	Kommunane skal sende Statsforvaltaren forslag til budsjett for 2027
10. november	Statsforvaltaren kan utan varsel, omfordele udisponerte midlar til kommunar som har søknader som er prioritert for tilskot, men der årets ramme er brukt opp.
årsskiftet	Udisponerte midlar kan av Landbruksdirektoratet bli lagt på fylkesramma for 2025

Kommunale retningslinjer for bruk av UKL-midlane

Kommunen skal ha eigne retningslinjer for korleis midlane til utvalde kulturlandskap skal brukast. Desse retningslinjene skal vera basert på forvaltningsplan for området og forskrift for utvalde kulturlandskap. Statsforvaltaren vil særleg minne om at kommunen på eigna vis må lyse ut midlane, opplyse om søknadsfrist (-ar) og kva det kan søkjast om tilskot til.

Saksbehandling av søknader og kontroll av gjennomførte tiltak

Det er viktig at kommunane i vedtaksbrevet skriv kvifor tiltaket er innafor målet med ordninga. Der det er aktuelt er det viktig at det i vedtaksbrevet er dokumentert at vedtaket er vurdere etter naturmangfaldslova.

Ved kontroll av gjennomførte tiltak må kommunen sjekke at tiltaket er gjort slik tilsegna seier.



Kostnader bør kontrollerast mot godkjent budsjett, urimelege avvik frå dette bør ikkje godkjennast. Kommunen bør i utbetalingsbrevet skrive kva slags kontroll som er gjort.

Arbeidsfristar for tiltak som er innvilga tilskot

Det er viktig at kommunen har oversikt over tilsegn der arbeidsfristane har gått ut. Innvilga tilsegn blir automatisk trekt inn 60 dagar etter at varselbrevet om utgått arbeidsfrist er sendt ut. Saker der det er gjort delutbetaling vil bli overført til saksbehandlar sin arbeidsbenk for manuell avslutning. Kommunen må i slike saker vurdere om det er aktuelt å krevje tilbakebetaling av utbetalt tilskot før sakene blir avslutta.

Kvart område bør ha «samarbeidsgruppe»

Statsforvaltaren forventar at kommunen får til eit godt samarbeid internt i ukl-området og mellom aktørar som har interesse av området. Statsforvaltaren ønsker at «samarbeidsgruppa», samansett av interessentar i området, kommunen og regionalt nivå, blir vidareført. Kommunen har ansvar for å kalle inn til møte (-r) i samarbeidsgruppa.